

Innkalling til rådsmøte

Institutt for framandspråk

Tid: 7. mai 2008 kl. 12.15
Stad: seminarrom 400, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold, Lene Johannessen, Margery Vibe Skagen, Margareth Hagen, Benedicte M. Irgens, Lillian Helle, Ana Beatriz Chiquito, Beatrice Sandberg.

Frå gruppe B: Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C: Trym N. Holbek, Kristin T. Skogedal.

Frå gruppe D: Silje Drevdal, Harriet Cecilie Strømmen, Inger Dyrnes, Siri Vevle.

Dersom nokon av representantane over ikkje kan møta, må dei sjølve be vararepresentant om å stilla i staden.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 13. februar 2008

Referatet ligg på www.framandsprak.uib.no, under ”informasjon for ansatte” og ”saksdokumenter”.

Sak 3 – orienteringssaker

Sak 4 – strategiplan for instituttet 2008-2010

Utkastet til strategiplan (vedlagt) har vore drøfta i leiargruppa ved instituttet, presentert og drøfta på instituttsamlinga 7. mars 2008. Strategiplanen blir no lagt fram til drøfting i rådet før instituttleiar godkjenner den endelege planen.

Sak 5 – Fagdimensjoneringsplan for instituttet 2008-2010

Fakultetet har bede instituttet setja opp ein fagdimensjoneringsplan. Føremålet med planen er å sjå stillingssituasjonen på dei ulike faga i samheng og skissera kva fag som bør ha høgast prioritet når det gjeld nye stillingar, og kva fag som kan avsjå stillingar. Det vedlagde utkastet til fagdimensjoneringsplan har vore drøfta i leiargruppa ved instituttet. Planen blir no lagt fram til drøfting i rådet før instituttleiar godkjenner den endelege planen.

Sak 6 – HMS-plan for instituttet 2008

Det vedlagde utkastet til HMS-plan er utarbeidd av verneombod Karl Ekroll og administrasjonskonsulent Kristin T. Skogedal i samråd med instituttleinga. Planen blir no lagt fram til drøfting i rådet før instituttleiar godkjenner den endelege planen.

Sak 7 – Drøfting av instituttnamnet

Det har kome framlegg om å skifta ut namnet *Institutt for framandspråk*, med anten *Institutt for framande språk, kulturar og litteraturar* eller *Institutt for moderne språk, litteratur og kultur*.

Sak 8 – Informasjon og rutinar i den nye instituttstrukturen

Instituttleiar og administrasjonssjef orienterer.

Sak 9 – Kommunikasjonsstrategi for Det humanistiske fakultetet

Innstillinga frå komiteen som har arbeidd med spørsmålet om kommunikasjonsstrategi for fakultetet, er lagt ved innkallinga. Innstillinga er tidlegare sendt ut med e-post til alle ved instituttet (28.4.2008). Fakultetet har skuva høyringsfristen fram til 19. mai (jf følgjebrevet der det står 13. mai). Planen blir no lagt fram til drøfting i rådet før instituttleiar formar ut den endelege høyringsfråsegna frå instituttet.

Sak 10 - ymse

Beatrice Sandberg,
leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Strategisk plan

Institutt for framandspråk 2008–2010

Forord

Institutt for framandspråk (IF) vart oppretta 01.08.2007. Instituttet har ein administrasjon på 13 tilsette og om lag 115 vitenskapleg tilsette frå følgjande fag: arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, russisk, spansk og tysk. 52 av desse er fast tilsette i vitenskapleg hovudstilling. Resten er stipendiatar, vikarar og timelærarar i større og mindre stillingar. Primærverksemda femner om forskning, undervisning og formidling i framande språk, litteraturar, kulturar og i fagdidaktikk.

Den strategiske planen for 2008–2010 har som hovudmål å styrkje forskinga og formidlinga ved IF samt å vidareutvikle studietilboda og fremje likestillinga ved instituttet. Forskinga er fundamentet for verksemda ved UiB. Utdanninga skal vere basert på forskning og høg fagleg kompetanse.

Når det gjeld forskning og utdanning, gjer reorganiseringa av instituttstrukturen ved HF mogleg nytt og interessant samarbeid på tvers av tradisjonelle disiplin- og faggrenser.

Innleiing

IF sin plan byggjer på tre sentrale strategidokument som er vedtekte av styret ved UiB: Strategisk plan 2005–2010, Handlingsplan for betre kjønnsbalanse 2007–2009 og Handlingsplan for internasjonal verksemd 2007–2009. Planen tek òg omsyn til dei strategidokumenta som HF har vedteke dei siste åra om forskning, formidling, utdanning og likestilling.

Til liks med UiB sin strategiske plan ser IF sin plan strategiane og måla i forhold til dei hovudoppgåvene som er nemnde i Lov om universitet og høgskolar. Ifølgje § 1 i denne lova skal universitet og høgskolar:

- Tilby høgare utdanning på høgt internasjonalt nivå, basert på forskning.
- Utføre forskning på høgt internasjonalt nivå, samt drive med formidling, innovasjon og verdiskaping basert på resultat av forskning.

- Samarbeide med lokalt og regionalt samfunns- og arbeidsliv, med andre universitet og med tilsvarande institusjonar i andre land, med offentleg forvaltning og internasjonale organisasjonar.
- Tilby etter- og vidareutdanning innanfor institusjonen sitt virkeområde.

Den strategiske planen skal fungere som ein styringsreiskap og vil verte følgd opp i møte med fagmiljøa og i medarbeidarsamtalar.

Primærverksemda

Forsking

Hovudmål: IF skal styrkje stillinga si som forskingsinstitutt av høg internasjonal standard.

For å nå dette hovudmålet vil IF:

Hjelp forskarar og forskargrupper og fagmiljø til å nå eit høgt internasjonalt nivå.

IF vil:

- sikre fridom og mangfald i forskinga. Instituttet vil gi støtte til både individuell forskning og til samarbeidsprosjekt.
- Stimulere til etablering av forskargrupper. Innan utgangen av 2008 skal alle vitskapleg tilsette ved instituttet vere med i minst ei forskargruppe
- oppmode til publisering i renommerte publiseringskanalar.
- leggje til rette for at kollegaer utvekslar erfaring med publisering og prosjektsøknader.
- analysere og rå bot på problem for enkeltforskarar og miljø som publiserer lite.
- stimulere til auka deltaking i internasjonale fora for forskning.

Skaffe meir driftsmidlar til forskning.

IF vil:

- arbeide for å få til meir internasjonal finansiering.
- betre informasjonen til instituttet sine forskarar om finansieringskjelder.
- sikre assistanse til å utarbeide og følgje opp søknader. Her vil instituttet samarbeide med fakultetsadministrasjonen og den sentrale forskingsavdelinga.

Sikre meir tid til forskning.

IF vil:

- sørgje for at arbeidstidsrekneskapen gir eit realistisk bilete av arbeidsoppgåvene og bruke han til å sikre retten og plikta til forskningstid.
- prøve å få til ei jamnare fordeling av dei fagleg-administrative oppgåvene.
- prøve å få til ei jamnare fordeling av rettleingsoppgåver.
- vurdere om faga ved instituttet kan ha meir undervisningssamarbeid, særleg på masternivå.

- planleggje undervisninga med sikte på å gi tilsette med forskingsplikt meir samanhengande tid til forskning.
- vurdere forholdet mellom eksamensformer og tid til forskning.
- skjerme ordninga med forskingspermisjon og følgje opp resultatane frå permisjonane.
- arbeide for å tilsetje universitetslektorar i fast stilling som kan ta seg av visse typar elementærundervisning. (Det bør understrekast at kontakt mellom aktive forskarar og studentar også på nybyrjarnivå er viktig.)

Styrkje forskarutdanninga.

IF vil:

- integrere stipendiatane betre i forskinga ved instituttet, m.a. gjennom forskargrupper.
- vidareutvikle innhaldet i forskarutdanninga.
- rettleie stipendiatane om publiseringsstrategi. Det bør vere naturleg å publisere internasjonalt.
- arbeide for å bruke utanlandske prof. II i forskarutdanninga (jf. *Internasjonalisering* under).
- arbeide for at det vert etablert ein lokal forskarskule for stipendiatar i litteratur.
- verne forskingstida til stipendiatane.
- arbeide for å sikre at alle stipendiatar vert samlokaliserte med dei relevante forskingsmiljøa på instituttet.
- gå i dialog med stipendiatgruppa om oppfølging og tilrettelegging for stipendiatar i omsorgspermisjon.

Utdanning

Hovudmål: IF skal tilby ei utdanning i framande språk, litteraturar, kulturar og fagdidaktikk som tek vare på dei humanistiske faga sine særdrag, og medverke til å auka studentane si evne til forståing, toleranse, sjølvstende og kritisk tenking. Gjennom dette skal dei ferdig utdanna kandidatane stå sterkt rusta både for arbeidslivet og vidare fagleg fordjuping.

For å nå dette hovudmålet vil IF:

Medverke til å auke kompetansen til studentane ved enda utdanning gjennom mest mogleg bruk av forskingsbasert undervisning.

IF vil:

- leggje til rette for at studentane kan tileigne seg dugleik, kunnskapar og innsikt i framande språk, litteraturar og kulturar.
- la studentane få kunnskap om og forståing for vitskapleg tenkjemåte, gjennom kontakt med aktive forskarar i undervisninga på alle nivå.
- utvikle studentane si evne til å nytte fagleg kunnskap og innsikt på ein sjølvstendig og kritisk måte.
- gi eit godt fagleg grunnlag både til kandidatar som ønskjer å halda fram med forskning og kandidatar som søker seg ut mot arbeidslivet elles.
- fremje etisk dømmekraft og integritet.

- arbeide for forståing for at ein del av den elementære innlærings-undervisninga i framandspråk ikkje treng vera forskingsbasert i snever forstand, og at det såleis også bør vera rom for tilsetjing av universitetslektorar i fast stilling ved instituttet (jf. *Forskning over*).
- stimulere fleire studentar til å ta utdanning på masternivå, særleg på fag med få master- og ph.d.-kandidatar.
- utvide tilbodet på masternivå der ressursituasjonen gjer dette mogeleg.
- ha fokus på kvaliteten i master- og ph.d.-rettleiing meir enn på kvantiteten.
- arbeide for ei jamnare fordeling av rettleiingsoppgåver for dei vitenskapleg tilsette.
- sørgje for at kunnskaps- og kompetansemåla som er knytte til studietilboda styrer valet av undervisnings- og vurderingsformer.

Arbeide for betre læringsvilkår og undervisningsorganisering.

IF vil:

- arbeide for mindre fråfall og høgare studiepoengproduksjon.
- sørgje for at kunnskaps- og kompetansemåla som er knytte til studietilboda styrer valet av undervisnings- og vurderingsformer.
- stimulere til samarbeid innanfor instituttet på tvers av faggrensar.
- harmonisere tilboda på dei ulike faga med omsyn til undervisning og vurdering, t.d. komitéordning på masternivå, tildeling av rettleiar og undervisning av same emnet vår og haust.
- harmonisere sensur ved dei einskilde faga våre når det gjeld korleis oppgåver med eksamenssvar på norsk blir bedømt (minstekrav til språkføring på norsk).
- leggje til rette for vidareutvikling av den pedagogiske kompetansen til fast tilsette lærarar.
- leggje til rette for auka bruk av IKT-basert undervisning der dette effektiviserer innlærings situasjonen på ein meningsfylt måte.
- arbeide for å skape eit godt og tilrettelagt læringsmiljø for studentar med funksjonshemming.
- innføre 3-årsplanar for undervisninga.

Arbeide for sterkare rekruttering av studentar til framandspråkfag.

IF vil:

- medverke til at informasjon om behovet for framandspråkskompetanse i offentleg verksemd og næringsliv blir betre kjent.
- samarbeide aktivt med Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa (Framandspråksenteret i Halden).
- ta aktiv del i markeringar på Den europeiske språkdagen, med sikte på auka motivasjon for framandspråkstudium.
- prøve å få kartlagt kva studentane gjer etter avslutta utdanning, og bruke opplysningar om dette bevisst i rekrutteringssamanheng

Tilby undervisning innanfor etter- og vidareutdanning.

IF vil:

- vidareutvikle noverande tilbod innanfor EVU.
- vurdere ekstern støtte til nye EVU-tilbod også i andre fag dersom det er ønske og behov for det.

Evaluere eigne målsetjingar.

IF vil:

- utarbeide opplegg for periodisk evaluering.
- sørge for oppfølging/justering i samband med indikasjonar på god og dårleg studiekvalitet.
- utnemne tilsynssensorar for program og undervisningsfag der dette ennå ikkje er på plass.
- arrangere årleg samling for tilsynssensorar.

Formidling og synleggjering

Hovudmål: Det skal vere ein naturleg del av verksemda ved IF å formidle innsikt vunnen gjennom forskning og undervisning. All aktivitet ved instituttet skal vere godt synleg både internt ved UiB og i samfunnet elles.

For å nå dette målet vil IF:

Arbeide for å utvikle vidare eit miljø der formidling i mange ulike former er ein naturleg del av verksemda.

IF vil:

- vere synleg i dagspressa med debattinnlegg og kronikkar.
- gi medarbeidarane støtte til å utvikle eigen formidlingskompetanse.

Arbeide for å vidareutvikle eit miljø der aktiviteten på instituttet er synleg internt ved UiB.

IF vil:

- lage ein intern bulletin som skal gi god informasjon om aktivitetane.
- markere prestasjonar som bokutgjevingar, utnemningar, tildelingar og liknande.
- Syte for gode informasjonsrutinar ved instituttet.

Arbeide for at aktivitetane ved instituttet vert meir synlege for omverda.

IF vil:

- etablere ein felles mal for nettsidene til forskargruppene ved instituttet.
- utvikle instituttet sine nettsider kontinuerleg slik at aktiviteten på instituttet er synleg også for eksterne brukarar.
- aktivt søkje profileringskanalar for verksemda, anten interne ved UiB, eller i andre lokale, nasjonale eller internasjonale mediekkanalar.

Internasjonalisering

Hovudmål: IF skal ha omfattande og godt organiserte internasjonale relasjonar knytte til verksemda si.

For å nå dette hovudmålet vil IF:

Følgje opp relevante tiltak i UiB sin Handlingsplan for internasjonal verksemd 2007–2009.

Ved IF er mykje av verksemda av internasjonal karakter. Målet dei næraste åra er først og fremst å systematisere, synleggjere, vidareutvikle og prioritere aktivitetar som alt er i gang innan forskning, utdanning og formidling.

IF ser det som særleg viktig å:

- arbeide for auka samarbeid med sterke internasjonale forskingsmiljø og nettverk.
- arbeide for auka forskarmobilitet (utreisande IF-forskarar og innreisande gjesteforskarar).
- arbeide for auka internasjonal publisering (jf. *Forsking over*).
- arbeide for integrerte utanlandsopphald for studentar, ph.d.-kandidatar og vitskapleg tilsette. Der det er mogleg, bør fagmiljøa etablere strategiske partnerskap som i større grad enn no inkluderer gjensidig utveksling.
- integrere masterstudentar og ph.d.-kandidatar i dei internasjonale nettverka til dei vitskapleg tilsette.
- vektleggje rettleiarar ansvar for fagleg hjelp og tilrettelegging ved utanlandsopphald for ph.d.-studentar.
- arbeide for å bruke utanlandske prof. II i forskarutdanninga (jf. *Forsking over*).
- halde fram med å bruke utanlandssentra som reiskap for internasjonalisering.
- støtte sentrale initiativ for å utvikle og oppdatere oversiktlege internettsider på engelsk parallelt med dei norske internettsidene.

Likestilling

Hovudmål: Likestilling skal integrerast i verksemda til IF på alle nivå og fagfelt.

For å nå dette hovudmålet vil IF:

Følgje opp relevante tiltak i UiB sin Handlingsplan for betre kjønnsbalanse 2007–2009.

IF ser det som særleg viktig å:

- arbeide for at ordninga med kvalifiseringsstipend for kvinnelege førsteamanuensar skal halde fram. Det er ei utfordring å auke andelen kvinnelege professorar ved IF.
- støtte det sentrale initiativet for å gi nyttilsette kvinnelege førsteamanuensar og postdoktorar tilbod om personleg mentor.
- vurdere å gi ekstra forskningstermin til kvinner i faste vitskaplege stillingar som har hatt ekstra stor arbeidsbyrde (undervisning, rettleiing, komitéarbeid, verv m.m).
- arbeide for å tilsetje fleire kvinner i professor II-stillingar.
- bevisst prøve å rekruttere kvinnelege søkjarar til alle vitskaplege stillingsgrupper.
- arbeide for at ordninga med 3-månaders stipend til kvinnelege stipendiatar som nyss har gjort seg ferdig med avhandlinga, skal halde fram.

- gå i dialog med stipendiatgruppa om oppfølging og tilrettelegging for stipendiatar i omsorgspermisjon (jf. *Forsking* over).

Fagdimensjonering

Hovudmål: Oppnå betre ressursbalanse mellom fagområda ved IF.

For å nå dette hovudmålet har IF laga ein langsiktig plan for justering av stillingstalet på faga ved instituttet.

PLAN FOR FAGDIMENSJONERING VED INSTITUTT FOR FRAMANDSPRÅK (IF) 2008–2010

1. Innleiing

Fagdimensjonering er eit eige punkt i IF sin stragetiske plan for 2008–2010. Hovudmålet med dette arbeidet er å betre ressursbalansen mellom faga ved IF. For å nå dette hovudmålet er det nødvendig å lage ein langsiktig plan for justering av stillingstala på faga våre. Ved IF vert det i dag forska og undervist i følgjande fag: arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, russisk, spansk og tysk.

Å lage ein plan for fagdimensjonering er noko vi er pålagde å gjere. I møtet 18.12.2007 gjekk styret ved HF inn for at eksisterande fagportefølje ved fakultetet i prinsippet skulle vidareførast. I saksførelegget til møtet står mellom anna følgjande om fagdimensjoneringsspørsmålet: “[N]år prioriteringen om faglig bredde og opprettholdelse av små fagområder skal ha prioritet nr. 1 samtidig som budsjetttrammen krymper så legger dette klare føringer på at store fagområder vil kunne bli noe mindre ...” I saksførelegget vert det òg sagt at “[f]akultetet vil i samarbeid med instituttene arbeide videre med fagdimensjoneringsspørsmålet med sikte på å komme fram til en bedre ressursbalanse mellom fagområder internt ved de respektive instituttene”. I styringsdialogen fakultetsleiinga hadde med IF hausten 2007, var fagdimensjoneringa eit sentralt tema.

07.03.2008 hadde IF eit instituttseminar der instituttleiinga inviterte til ei første drøfting av premissgrunnet for dimensjonering av faga ved instituttet. Instituttleiinga utarbeidde så ein plan som vart lagd fram for institutttrådet. Den endelege versjonen av planen har teke omsyn til synspunkta som kom fram i institutttrådsmøtet 07.05.2008.

2. Kriterium for fagdimensjonering

Vi skal her nemne dei kriteria IF vil leggje til grunn når instituttet skal gjere prioriteringar med omsyn til storleiken på dei enkelte faga. Målet er å kome fram til eit opplegg som kan gjere IF i stand til handsame fagdimensjoneringa på ein fokusert og systematisk måte. Først må det presiserast at det berre vert aktuelt å redusere talet på stillingar i eit fag ved naturleg avgang. Ein minimums ressursplattform for alle faga ved IF er 3-5 stillingar.

Vi kjem ikkje bort frå at vi må sjå på korleis eit fag skårar på resultatparametrane. I saksførelegget til fakultetsstyremøtet ved HF 30.10.2007 kan vi lese følgjande: “Det er etter hvert grunn til å stille spørsmål ved i hvor sterk grad resultatkrav skal være styrende på fagmiljøets størrelse. For fakultetet samlet er resultatavhengige budsjetter allerede en realitet som tiltar i styrke. For instituttene/fagmiljøene er det fortsatt slik at de berøres mindre enn budsjettmodellen skulle tilsi.” Instituttet vårt er berørt av denne modellen i og med at vi får budsjettmessig uteljing for studiepoengproduksjon. Det er òg varsla at institutta vil få uteljing for publiseringresultat.

Studiepoengproduksjon må derfor vektleggjast. Dessutan er det viktig å hugse at stor studenttilstrøyming krev store ressursar til undervisning. Vi må òg sjå på på aktiviteten innan forskning – når det gjeld publikasjonar, individuelle forskingsprosjekt og samarbeidsprosjekt. Her må vi trø varsamt og ha eit litt langsiktig perspektiv. Men dersom eit fagmiljø over tid viser liten forskings- og publiseringaktivitet i tillegg til at det skårar lågt på undervisning, må vi vurdere å redusere talet på stillingar.

Vi må òg ta omsyn til om eit fag er viktig for andre fag og/eller studieprogram. Til dømes er arabisk ein komponent i bachelorprogrammet i midtaustenkunnskap, med spesialiseringar i historie, religionsvitskap, arkeologi og sosialantropologi, som alle vert underviste ved sine respektive institutt.

Vidare må vi vurdere faget si rolle i ein nasjonal samanheng. Italiensk ved UiB kan nemnast som døme på eit fag som har ei viktig nasjonal oppgåve.

3. Konkrete tiltak for fagdimensjoneringa ved IF

På bakgrunn av det som er sagt i 1 og 2 over, vil IF prioritere tiltaka under for å oppnå ein betre ressursbalanse mellom fagområda internt ved instituttet. Når det gjeld studiepoengproduksjon, viser vi til vedlegg 1 og 2. Vi har enno ikkje god nok oversikt over forskings- og publiseringsaktivitetet på faga til at vi kan bruke dette som eit kriterium i denne planen.

Arabisk

Stillinga etter Joseph Bell er no utlyst. I tillegg treng faget ein fast universitetslektor i inntil halv stilling. Denne stillinga kan dels finansierast av egne timelærarmidlar.

Engelsk

Treng ei erstatning etter Marit Berge, anten ei førsteamanuensisstilling eller ei fast universitetslektorstilling. Berge, som går av sommaren 2008, er den einaste tilsette i britisk kulturkunnskap på engelsk. Britisk kulturkunnskap er ein disiplin som tiltrekkjer seg mange studentar. På 100-nivået tek 60%–70% av studentane ENG124 (britisk kulturkunnskap og litteratur). Disiplinen inngår òg i programmet Europastudiet.

Fransk

Kan på sikt gi avkall på ei stilling i språkdisiplinen. Denne disiplinen har fire tilsette pr. i dag.

Italiensk

Stillinga etter Fulvio Leone er utlyst. Når ein får tilsetjing i denne stillinga, vil italiensk ha dekning på undervisningssida.

Japansk

Vi har lagt til grunn at Benedicte Irgens vert tilsett i fast stilling. I tillegg treng faget ei ny førsteamanuensisstilling og ei universitetslektorstilling (delstilling).

Russisk

Vi går ut frå at stillinga etter Børtnes snart vert utlyst. Elles vert det ingen endringar inntil vidare. Spørsmålet om ny stilling og eventuelt stillingstype bør vurderast ved framtidig avgang.

Spansk

Treng ei ny stilling i litteraturdisiplinen. Spansk litteratur hadde inntil nyleg tre stillingar, men mista ei då Gisle Selnes gjekk over til allmenn litteratur. Birger Angvik går av for aldersgrensa seinast om eit par år. Det er òg mogleg vi bør omgjere timelærarmidlar til fast lektorstilling.

Tysk

Kan på sikt reduserast med ei stilling. Både litteraturdisiplinen og språkdisiplinen har pr. i dag tre stillingar. I tillegg har tysk ei stilling i fagdidaktikk.

4. Prioritering

Vi vil prioritere å styrkje tre fag/disiplinar der ressurssituasjonen er særleg prekær:


1. Stillingar i japansk (jf. over, *Konkrete tiltak for fagdimensjoneringa ved IF*). Å styrkje japanskfaget har prioritet nr. 1. Faget har pr. i dag berre ein tilsett i mellombels stilling (Benedicte Irgens). Likevel hadde faget i 2006 og 2007 større studiepoengproduksjon enn italiensk og nesten like stor som arabisk. Faget ligg heller ikkje langt bak tysk som i denne perioden hadde 6 vitenskapleg tilsette i fast stilling.

2. Stilling i spansk litteratur (professor eller førsteamanuensis).


3. Stilling i britisk kulturkunnskap (førsteamanuensis eller universitetslektor)

IF vil vurdere å redusere talet på stillingar på fransk og tysk når det vert naturleg avgang i desse faga. Instituttet vil vurdere eventuelle omdisponeringar ved naturleg avgang i andre fag enn dei som er nemnde her.

VEDLEGG 1



VEDLEGG 2



- 1) Merk at søylediagrammet viser studiepoeng pr fast tilsett person, og det er ikkje korrigert for deltidsstillinger.
- 2) Sjølv om japanskfaget ikkje har faste stillingar, har faget over fleire år hatt éi mellombels stilling i 100 prosent. For å kunna samanlikna med dei andre faga er derfor denne stillinga teken med saman med dei faste stillingane i statistikken over.

HMS - handlingsplan for 2008 ved Institutt for fremmedspråk

Mål for HMS-arbeidet:

Samkjøring av en ny stor organisatorisk enhet. Å finne felles møteplasser for de ansatte, skape trivsel og samhold.

Oversikt over HMS-ansvarlige ved instituttet:

HMS-ansvarlig: Leiv Egil Breivik

Verneombud: Karl Ekroll, Åse Johnsen (vara)

Byggansvarlig (brannvern): Camilla Skalle, Kristin Skogedal (vara)

Forslag til tiltak i 2008:

- Sosiale tiltak/samlinger:
Felles avslutning ved semesterslutt, 1-2 faglig-administrative samlinger i løpet av semesteret der alle er inviterte.
Videreføring av lunsj på rom 222
Initiativ (fra enkeltpersoner) til turer/samlinger/fredagspils etter arbeidstid
- Det fysiske arbeidsmiljøet i HF-bygget:
Arbeidet skal ferdigstilles i august 2008. Oppfølging av behov for ekstra renhold og opprydning på fellesområdene i perioden fram til arbeidet er ferdig, og etter at arbeidet er ferdigstilt.
- Videreføring av medarbeidersamtaler med alle tilsatte, også stipendiater
- Seniorpolitiske tiltak:
Om lag 25 % av alle tilsatte ved IF er over 60 år. I tillegg har vi en gruppe emeriti. Instituttet skal ha gode rutiner for videreformidling av informasjon om seniorpolitiske tiltak og generell informasjon fra sentralt hold. I tillegg skal emeriti få informasjon fra instituttet om forhold som gjelder dem.
- Rutiner for brannvernopplæring av alle tilsatte ved IF
Søknad sendt til fakultetet ang. finansiering av brannvernkurs for alle. Må sikre etteropplæring av nytilsatte for eksempel en gang pr. semester/år (brannvernansvarlige).

Informasjonsrutinar ved Institutt for framandspråk

godkjende av instituttleiar 29. februar 2008

1. Instituttrådet

- A. Instituttrådet "skal gje råd i alle saker om langsiktig planlegging av arbeidet ved instituttet, ressursdisponering, langtidsbudsjett, framlegg til årsbudsjett og større organisatoriske endringar ved instituttet. Rådet skal vera informert om den økonomiske stoda ved instituttet" (jf retningslinene for rådet, sjå www.framandsprak.uib.no under "Informasjon for tilsette").
- B. Konkret skal rådet:
- få framlagt utkast til årsbudsjett og få koma med synspunkt før instituttleiar godkjenner budsjettet
 - få framlagt årsrekneskapan for instituttet til orientering
 - få framlagt utkast til strategiplan o.a. overordna planar for instituttet og koma med synspunkt før instituttleiar godkjenner planane
 - få framlagt andre overordna saker som instituttleiar meiner bør drøftast i rådet, eller som rådet sjølv ønskjer å ta opp til drøfting
- C. Instituttleiar, administrasjonssjef og rådsleiar har saman ansvaret for at sakene som er nemnde over, blir lagde fram for rådet.

2. Undervisningsutvalet

- A. Utvalet skal:
- få framlagt utkast til utdanningsmelding og få koma med synspunkt før instituttleiar godkjenner meldinga
 - få kopi av studieplanendringar, undervisningsbudsjett og undervisningsevalueringar ved instituttet
 - få informasjon om andre overordna spørsmål som gjeld undervisninga ved instituttet
- B. Undervisningsleiar og studieleiar har saman ansvaret for at sakene som er nemnde over, blir lagde fram for rådet.

3. Forskingstuvalet

- A. Utvalet skal:
- få framlagt utkast til forskingsmelding og få koma med synspunkt før instituttleiar godkjenner meldinga
 - bli orientert om tildelinga av forskingsmidlar ved instituttet
 - få informasjon om andre overordna spørsmål som gjeld forskninga ved instituttet
- B. Forskingsleiar og forskingskonsulent har saman ansvaret for at sakene som er nemnde over, blir lagde fram for rådet.

4. Informasjonsbulletin

- A. Instituttleiinga vil våren 2008 starta opp med eit nyhendebrev om aktivitetane ved instituttet. Brevet blir delt ut i papirform, og blir i tillegg lagt ut på nettsidene til instituttet.

5. Høyringsaker

- A. Alle saker instituttet får til høyring, blir sende ut til alle tilsette til orientering (alle.if@uib.no)

*Universitetet i Bergen, Det humanistiske fakultet, Institutt for framandspråk
Institutttrådsmøte 7. mai 2008
Vedlegg til sak 9 – Kommunikasjonsstrategi for Det humanistiske fakultet*

Griegakademiet, Institutt for musikk
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitenskap
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for fremmedspråk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Senter for middelalderstudier
Senter for vitenskapsteori

Referanse Dato
2007/12359 - ASE 11.04.2008

Høringsrunde om kommunikasjonsstrategi, ber om innspill fra enhetene

I 2006 ble fakultetene ved UiB pålagt å utarbeide egne formidlingsplaner. På grunn av den planlagte instituttsammenslåingen og reorganisering av administrasjons- og fagstruktur ble dette arbeidet skjøvet ut i tid for Det humanistiske fakultet. Etter sammenslåingen var et faktum 1. august 2007 ble det imidlertid bestemt å utarbeide en kommunikasjonsstrategi for fakultetet basert på den nye organisasjonsstrukturen. Arbeidet med strategien ble delegert til en arbeidsgruppe på åtte medlemmer, en fra hver av de fem instituttene, en representant fra formidlingsavdelingen, en fra dekanatet (prodekan for forskning), samt formidlingskonsulenten ved fakultetssekretariatet. Gruppen har avholdt 8 arbeidsmøter.

Kommunikasjonsstrategien inneholder, i tillegg til strategidelen, en handlingsplan der ansvar for gjennomføring og tidsfrister for ulike tiltak er fastsatt.

Arbeidsgruppen har hatt følgende medlemmer:

Prof. Bente Alver	AHKR
Margareth Barndon	Formidlingsavdelingen, UiB
Paola Maria De Cuzzani	FoF
Kevin Mccafferty	IF
Asbjørn Engevik jr.	Fakultetssekretariatet
Siri Skjold Lexau	Prodekan for forskning
Stig Wernø Holter	Griegakademiet
Eirik Vassenden	LLE

Kommunikasjonsstrategien var oppe til behandling i fakultetsstyret 8. april 2008 (sak 028-2008). Fakultetsstyret vedtok da å utsette saken, slik at den kunne sendes ut på høring til enhetene før strategien endelig vedtas.

Kommunikasjonsstrategien sendes nå ut til enhetene der høringsfristen er satt til **tirsdag 13. mai 2008**. Det er viktig at denne fristen overholdes slik at strategien kan endelig behandles i fakultetstyremøtet 17. juni 2008.

Trine Moe
Ass. fakultetsdirektør

Asbjørn Engevik
Førstekonsulent

Kommunikasjonsstrategi for Det humanistiske fakultet, UiB 2008-2010

Det humanistiske fakultetet skal de kommende årene ha økt fokus på – og synliggjøring av – fakultetets kompetanseområder innen forskning, undervisning og kunstnerisk utviklingsarbeid. For å oppnå dette er det nødvendig med en tydelig kommunikasjonsstrategi som bidrar til økt kunnskap om virksomhetens arbeid og resultater og som samtidig tilkjennegir fakultetets satsningsområder og prioriteringer de kommende årene. Kommunikasjonsstrategien inneholder også en handlingsplan der ulike tiltak for å nå overordnet kommunikasjonsmål og delmål er konkretisert.

I 2006 ble fakultetene ved UiB pålagt å utarbeide egne formidlingsplaner. På grunn av den planlagte instituttsammenslåingen og reorganisering av administrasjons- og fagstruktur ble dette arbeidet skjøvet ut i tid for Det humanistiske fakultet. Etter sammenslåingen var et faktum 1. august 2007 ble det imidlertid bestemt å utarbeide en kommunikasjonsstrategi for fakultetet basert på den nye organisasjonsstrukturen. Arbeidet med strategien ble delegert til en arbeidsgruppe på åtte medlemmer, en fra hver av de fem instituttene, en representant fra formidlingsavdelingen, en fra dekanatet (prodekan for forskning), samt formidlingskonsulenten ved fakultetssekretariatet.

Fakultetets kommunikasjonsstrategi gir overordnede føringer for hvordan Det humanistiske fakultet skal utøve sin kommunikasjonsvirksomhet på bakgrunn av fakultetets styringsverktøy for kommunikasjon, samt strategisk plan for Universitetet i Bergen. Strategien skal være et redskap som sikrer at alle enheter ved fakultetet kommuniserer best mulig og at det etableres et godt forhold til både interne og eksterne målgrupper. Strategien skal også sørge for at kommunikasjon ved fakultetet alltid vurderes som et viktig virkemiddel på en planmessig og helhetlig måte. Ikke minst skal kommunikasjonsstrategien bidra til å oppfylle ambisjonene om å synliggjøre forskning, undervisning og kunstnerisk utviklingsarbeid.

Fakultetets hovedoppgaver er gitt gjennom strategisk plan for UiB (2005-2010). I planen heter det blant annet at formidlingsvirksomheten ved UiB skal ha forskning som sitt bærende fundament (s. 2) og at publisering av kvalitetssikret kunnskap til forskersamfunnet og formidling av forskningsresultater og av kunstnerisk virksomhet til allmennheten er en av universitetets hovedoppgaver (s. 5).

Overordnede kommunikasjonsmål:

Det humanistiske fakultet skal formidle fakultetets virksomhet presist og pålitelig til studenter, ansatte og omverden og slik bidra til økt kunnskap om fakultetets kompetanseområder innen forskning, undervisning og kunstnerisk utviklingsarbeid

Delmål:

- **Forskningsformidling skal være et prioritert satsningsområde ved fakultetet**
- **Vitenskapelig ansatte skal aktivt fremme kunnskap om sitt eget fagområde, drive forskningsformidling, samt bidra til samfunnsdebatten**

- **Informasjon om fakultetets studier og studietilbud skal være oppdatert, fullstendig og lett tilgjengelig.**
- **Intern informasjonsflyt skal være åpen og effektiv, med klar ansvarsfordeling både på fakultets- og enhetsnivå**
- **Håndtering av eksterne henvendelser skal systematiseres og profesjonaliseres**

Målgrupper:

Det humanistiske fakultet med tilhørende enheter har mange målgrupper – mange av dem svært ulike og med et differensiert behov for tilrettelegging av informasjon og kommunikasjonskanaler.

<i>Interne målgrupper</i>	<i>Eksterne målgrupper</i>
<ul style="list-style-type: none"> • studenter og ansatte • tjenestemannsorganisasjoner • universitetets ledelse • øvrige fakulteter 	<ul style="list-style-type: none"> • potensielle studenter og ansatte • samarbeidspartnere (nasjonale og internasjonale) • det allmenne publikum • presse/media • politiske myndigheter • kilder til eksterntfinansiert virksomhet

Intern kommunikasjon

God kommunikasjon med eksterne målgrupper avhenger av god kommunikasjon innad i organisasjonen. Det er derfor viktig å sørge for en åpen, effektiv og pålitelig informasjonsflyt internt – både på fakultets- og enhetsnivå. Et sentralt mål for den interne informasjonsvirksomheten er at alle tilsatte skal kjenne til hva som er fakultetets oppgaver, beslutningsorganer, utdanningsmål og forskningsmål. Alle medarbeidere skal ha lett tilgang til informasjon om saker som er nødvendig for det arbeidet han eller hun gjør. For å sikre en god informasjonsflyt må ansvarsfordelingen være klar, og det må etableres gode rutiner for informasjon og kommunikasjon innen hver enhet og mellom de ulike enheter og organisatoriske nivåer.

Det påligger ledelsen – både på fakultets- og enhetsnivå – et særskilt ansvar for å planlegge kommunikasjonstiltak generelt og i spesielle saker, samt i krisesituasjoner.

Kanaler for intern informasjon kan være:

- Undervisning
- MiSide
- Konferanser, seminarer og møter
- Administrativt saksbehandlingssystem (ePhorte)
- Elektroniske nyhetsbrev
- Relevant programvare/elektroniske informasjonssystemer (som for eksempel Outlook)
- Enhetenes internettsider
- Enhetenes intranettsider
- Rapporter og trykksaker
- Direkte kontakt

Ekstern kommunikasjon

Universitetets virksomheter møter økte krav til informasjon og kommunikasjon. Antall medier har økt kraftig, og en mer aktiv bruk av internett har hos eksterne målgrupper skapt større forventninger til rask informasjonsflyt. Det er derfor viktig at både fakultetets og enhetenes nettsider oppdateres løpende og at stoffet bearbeides og gis en form tilpasset mediet slik at eksterne målgrupper nås på best mulig måte. Fakultetet har som utgangspunkt at i prinsippet er *all informasjon offentlig*. Visse begrensninger er imidlertid satt av blant annet offentlighetsloven. Saksbehandlingsrutiner skal videre oppfylle behovet for hurtig og pålitelig informasjon, og skal tilkjenne mål for saksbehandlingstid på et tidlig stadium i prosessen.

Kanaler for ekstern kommunikasjon kan være:

- Vitenskapelige/populærvitenskapelige publikasjoner
- Konserter og fonogrammer
- Nettpublisering av vitenskapelige arbeider (BORA)
- Eksterne nettsider – tospråklige
- Massemedia (mediekontakt og journalistseminarer)
- Konferanser, seminarer og møter
- UiB-publikasjoner (På Høyden, HUBRO, pressemeldinger)
- Rapporter og trykksaker
- Foredragsvirksomhet
- Utdanningsmesser

Grafisk profil

Universitetet i Bergen har utarbeidet en grafisk profil som skal benyttes på materiell som inneholder offisiell informasjon som i tjenestesammenheng gjøres tilgjengelig av ansatte eller andre som opptre på vegne av Universitetet i Bergen. Slikt materiell er eksempelvis dokumenter, brosjyrer, websider, avhandlinger, publikasjoner, bøker, m.v., tilrettelagt til intern eller ekstern bruk i undervisningsøyemed eller til administrative formål. Den grafiske profilen brukes til å skille offisiell informasjon i regi av UiB fra annen type informasjon.

<i>Grafisk profil omfatter:</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Brevpapir og konvolutter• Visittkort• Skilting• Publikasjoner• Konferansmapper	<ul style="list-style-type: none">• Internett• Intranett• Annonser• Presentasjonsprogramvare og lysark

Roller, ansvar og organisering

Kommunikasjonsstrategien er retningsgivende for alle deler av fakultetets kommunikasjonsarbeid. Fakultetets ledelse har ansvar for at strategien er kjent ved fakultetet og at handlingsplanen blir fulgt opp.

Fakultetsledelse

Fakultetsledelsen har det generelle ansvar for å presentere fakultetets virksomhet for både eksterne og interne målgrupper på en helhetlig og god måte. Dekanen har det øverste faglige ansvar for all forskning og forskningsformidling ved fakultetet. Dekanus og fakultetsdirektør har sammen det øverste ansvar for at nødvendige ressurser stilles til disposisjon og fordeles til

instituttene. Fakultetsledelsen har et ansvar for at alle formelle beslutningsprosesser er åpne og transparente og at regelverket for saksbehandlingsrutiner og saksgang blir fulgt. Fakultetsdirektøren har også det øverste redaksjonelle ansvar for fakultetets eksterne nettsider. Sekretariatets formidlingskonsulent skal være initiativtaker og pådriver i forhold til mediekontakt på fakultetsnivå. Videre har formidlingskonsulenten sammen med forskere og forskningsledelse ansvar for å videreutvikle og vedlikeholde medienettverk, samt ansvar for fakultetets nettsider og nyhetsbrev.

Fakultetets studieseksjon har et spesielt ansvar for informasjon til studentene og markedsføring av studietilbud, deltakelse på studentrekrutteringsmesser og studieveiledning. Studieseksjonen har også ansvar for utarbeidelse av brosjyrer og annet informasjonsmateriell til studenter.

Personal- og økonomiseksjonen (PØS) har ansvar for informasjon om personalmessige forhold (permisjoner, forlengelse av arbeidskontrakter, utlysning av ledige stillinger osv.) og informasjon til nyansatte. I tillegg har personal- og økonomiseksjonen ansvar for budsjett og regnskapsrapporter til fakultetsledelse, institutter og sentre.

Instituttledelse

Instituttledelsen har det generelle ansvar for å presentere instituttets virksomhet for både eksterne og interne målgrupper på en helhetlig og god måte. Instituttleder har det øverste faglige og økonomiske ansvar for all forskning og formidling ved instituttet og det øverste redaksjonelle ansvar for instituttets eksterne nettsider. Instituttleder har ansvar for å fremme en åpen og effektiv kommunikasjon innenfor sine enheter og for å videreformidle relevant informasjon til både interne og eksterne målgrupper. Instituttleder har ansvar for at det drives god forskningsformidling, fremme et godt formidlingsklima og tilrettelegge for en kompetanseheving på formidling til et allment publikum. Instituttleder har også det formelle ansvar for at det på best mulig måte skjer en viderefordeling av formidlingsressurser fra fakultetet. Instituttets forskningskonsulent har ansvar for oppdatering av instituttets nettsider.

Vitenskapelig ansatte

Vitenskapelig ansatte har ansvar for aktivt å fremme kunnskap om sitt eget fagområde og skal drive undervisning og forskningsformidling basert på resultater fra egen forskning. Vitenskapelig ansatte oppfordres også til å delta aktivt i samfunnsdebatten.

Alle tilsatte

Alle medarbeidere har ansvar for aktivt å tilegne seg informasjon og dele informasjon, slik at fakultetets virksomhet blir presentert for både interne og eksterne målgrupper på en helhetlig og god måte.

Handlingsplan

Handlingsplanen er direkte relatert til overordnet kommunikasjonsmål og definerte delmål. Foreslåtte tiltak er derfor relatert til de fem delmålene beskrevet innledningsvis.

Delmål:

- **Forskningsformidling skal være et prioritert satsningsområde ved fakultetet**

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Fakultetet skal i kommende budsjetter øke sine bevilgninger til formidlings- og publiseringstiltak.	
<i>Tid: fra 2008</i>	<i>Ansvarlig: Fakultetet</i>

Kommentar: Omsøkte midler til formidlings- og publiseringstiltak har de siste årene utgjort det dobbelte av tilgjengelige utlyste midler. Publiseringssituasjonen har endret seg og krever i stadig større grad egenfinansiering og midler til oversettelser/språkvask.

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Fakultetet skal, i samarbeid med UiB sentralt, arbeide for en økt kompetanseheving i form av regelmessige kurstilbud (akademisk engelsk, mediekontakt, forskningsetikk, kronikkurs, osv.).	
<i>Tid: fra 2008</i>	<i>Ansvarlig: Fakultetet</i>

Kommentar: Fakultetet bevilger og instituttet prioriterer etter søknader. Økte bevilgninger til kompetanseheving er viktig slik at et økt antall kvalifiserte fagpersoner ved fakultetet driver forskningsformidling gjennom media. På denne måten kan vi bidra til å nyansere mediedekningen og bedre grunnlaget for internasjonalt forskningssamarbeid og publisering.

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Fakultetet skal øke statusen til populærvitenskapelig formidling ved å sette av incentivmidler og/eller la formidlingsarbeid inngå som en del av arbeidstidsregnskap.• Fakultetsledelsen skal arbeide aktivt for å øke statusen til populærvitenskapelig formidling, samt gjøre formidlingsarbeid meritterende og poenggivende ved å arbeide for dette i det nasjonale fakultetsmøtet og i Universitets- og høgskolerådet.	
<i>Tid: kontinuerlig</i>	<i>Ansvarlig: Dekanat og fakultetsdirektør</i>

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> • Det innføres en forskningsbiennale ved Det humanistiske fakultet. 	
<i>Tid: fra høsten 2009</i>	<i>Ansvarlig: Fakultet- og instituttledelse og forskningskoordinatorer</i>

Kommentar: Fakultetet setter av midler til planlegging og gjennomføring. Arrangementet skal fungere både som ekstern og intern formidlingsarena fra høsten 2009.

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> • Det opprettes en intern formidlingspris ved Det humanistiske fakultet som deles ut årlig i forbindelse med forskningsbiennalen. 	
<i>Tid: fra høsten 2009</i>	<i>Ansvarlig: Dekanat</i>

Kommentar: Dekanetet utarbeider retningslinjer for formidlingsprisen og setter ned en tverrfaglig komité som innstiller kandidater til prisen.

Delmål:

- **Vitenskapelig ansatte skal aktivt fremme kunnskap om sitt eget fagområde, drive forskningsformidling, samt bidra til samfunnsdebatten**

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> • Vitenskapelig ansatte skal tilbys hjelp til å opprette egne faglige nettsider med informasjon om forskningsfelt, fagområde, lenker til publikasjoner, publikasjonsoversikt og annen faglig virksomhet. 	
<i>Tid: løpende</i>	<i>Ansvarlig: Instituttledelse og forsknings- og formidlingskonsulenter</i>

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> • Vitenskapelig ansatte skal – når de opptrer i kraft av å være ansatt ved fakultetet – vise sin tilknytning til Universitet og fakultet. 	
<i>Tid: løpende</i>	<i>Ansvarlig: vitenskapelig ansatte</i>

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> BORA (Bergen Open Research Archive) skal være en viktig kanal for tilgjengeliggjøring av vitenskapelige og populærvitenskapelige publikasjoner. 	
<i>Tid: løpende</i>	<i>Ansvarlig: Forskningskoordinator og vitenskapelig ansatte</i>

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> Kanaler for presentasjon av kunstnerisk utviklingsarbeid er et anliggende for fakultetet gjennom virksomheten ved Griegakademiet, Institutt for musikk. Fakultetet skal arbeide aktivt for å styrke produksjonsapparatet for den utøvende kunstneriske virksomheten ved fakultetet. Forslag om økte ressurser fremmes i forbindelse med budsjettbehandling for 2009. 	
<i>Tid: løpende</i>	<i>Ansvarlig: Fakultetet</i>

Kommentar:

Noe av det spesielle ved kunstnerisk utviklingsarbeid er at formidlingen er en integrert del av arbeidet. Fremføringen er selve hensikten og målet med arbeidet. Kunstnerisk utviklingsarbeid er derfor avhengig av å treffe et publikum, om nødvendig oppsøke/skape et publikum.

Delmål:

- Informasjon om fakultetets studier og studietilbud skal være oppdatert, fullstendig og lett tilgjengelig**

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> Ta i bruk ny eksternweb høsten 2008 og de muligheter som ligger i dette nye systemet. 	
<i>Tid: desember 2008</i>	<i>Ansvarlig: Fakultet og institutt</i>

Kommentar: Det er viktig at informasjon omkring studieløp og spesialisering synliggjøres for interne og eksterne målgrupper.

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none"> Koordinere pedagogisk og administrativ bruk av MiSide. 	
<i>Tid: desember 2008</i>	<i>Ansvarlig: Undervisningskoordinatorer og studiekonsulenter</i>

Kommentar: MiSide er standardisert som administrativt, men ikke som pedagogisk virkemiddel.

<i>Tiltak</i>

- Opprette oppdaterte oversikter over avlagte hovedfags- og masteroppgaver ved fakultetet, samt informere om igangsatte masterprosjekter.

Tid: september 2008

Ansvarlig: Institutt

Tiltak

- Sørge for at administrative rutiner og administrasjonens bruk av teknologi tjener den pedagogiske virksomhet ved fakultetet.

Tid: høstsemester 2008

Ansvarlig: Administrasjonssjefer

Delmål:

- **Intern informasjonsflyt skal være åpen og effektiv, med klar ansvarsfordeling både på fakultets- og enhetsnivå**

Tiltak

- Sørge for at reglementsfastede høringsfrister overholdes; unngå haste- og fullmaktsbehandling av strategisk viktige saker, samt gjøre alle offentlige sakslister og møtereferater lett tilgjengelig
- Frister for saksbehandling skal overholdes og saksbehandlingstid skal tilkjennegis på et tidlig stadium

Tid: løpende

Ansvarlig: Fakultets- og instituttledelse

Tiltak

- Utarbeide rutiner for bruk av e-post, internett og intranett ved hvert enkelt institutt, der reglene for felles bruk av e-postlister er slått tydelig fast
- Hvert enkelt institutt utarbeider organisasjonskart som beskriver rutiner og ansvarsforhold for administrative oppgaver
- Innføring av introduksjonsdag for alle nyansatte

Tid: august 2008

Ansvarlig: Administrasjonssjef

Tiltak

- Sørge for informasjon til ansatte om instituttledelsens virksomhet og beslutninger i form av regelmessige nyhetsbrev.

Tid: løpende

Ansvarlig: Instituttledelse

Delmål:

- **Håndtering av eksterne henvendelser skal systematiseres og profesjonaliseres**

<i>Tiltak</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Alle enheter utarbeider en oversikt over faste kontaktpersoner som svarer på henvendelser fra media og andre brukere. Disse personene skal selv besvare henvendelser, eller videreformidle kontakt med andre forskere.	
<i>Tid: 1. juni 2008</i>	<i>Ansvarlig: Instituttleder/senterleder</i>

Kommentar: Mediene er en viktig kanal for informasjon til samfunnet utenfor fakultets- og universitetsnivå. I tillegg er mediene opinionsdannende. For å kunne oppfylle kommunikasjonsstrategiens mål om å spre informasjon og formidle kunnskap, er det nødvendig at informasjon om forskningsfelt, prosjekter og kontakter er lett tilgjengelig for journalister og andre brukere.

<i>Tiltak</i>	
Det humanistiske fakultet tar i bruk forskerkompetansekatalogen som utvikles i det nye eksterne webprosjektet.	
<i>Tid: 1. desember 2008</i>	<i>Ansvarlig: Fakultet i samarbeid med vitenskapelig ansatte.</i>